

IF Klypetussen
Einar Gisle Sellevold
Håland 18
5590 Etne

Til Norges Friidrettsforbund Etne, 10. mars 2014
v/generalsekretæren

Framlegg til Norges Friidrettsforbunds sitt landsmøte i 2015

IF Klypetussen gjer framlegg om at landsmøtet i 2015 avviklar ordninga med eingongslisens i mosjonsarrangement gjeldande frå og med landsmøtedatoen i 2015.

Grunngjeving:

Ordninga med eingongslisens er utelukkande ei avgift til Norges Friidrettsforbund som vil gjere det dyrare å delta i mosjonsløp og dermed vil virke hemmande på deltakinga.

Tre av våre løp er arrangement med låg terskel og låg startkontingent. Deltakinga kostar kr 20. Deltakarane vil ha ingen forståing for at det skal være ei separat innkrevjing av ein lisens til NFIF på et same beløpet.

Forsikringsordning a er ikkje nødvendig. Den gjeld utelukkande akutte skadar som dekkast av det offentleg e helsevesenet eller av reiseforsikringa til folk. I dei meir enn tretti åra vi har arrangert fleira løp kvart år har det aldri vært nokon skadetilfelle kor ei slik forsikring ville hatt nokon aktualitet.

Ordninga gir meir byråkrati og mindre glede for oss som arrangerar.

NFIF har dei siste 25 åra ikkje gjort noko som helst for å stimulere til vekst for mosjonsløping. No når det i dei største byane og nokre andre stadar i landet er oppgang i interessa for løp, så er forbundsstyret på bana og vil mjølke denne delen av friidretten dei ikkje har synt noko interesse for i nedgangstidene på 1990-talet og først på 2000-talet.

**Med helsing
IF Klypetussen**

Einar Gisle Sellevold
Etter vedtak i og fullmakt frå hovudstyret